



VINJE

Dato: 03.03.2025

Vår referanse: 2024/2187-26

Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Internt notat

Til:

Referat frå møte 03.03.25

Tilstades:

Svein Tore Kåsa (tiltakshavar)

Olaug Vinjerui Gardsteig (konsulent Aquapartner Telemark AS)

Anne-Sofie B. Strømme (plan- og miljørådgjevar)

Delar av møte: Erland Tveiti (byggjesak) og Arne Midtgarden (oppmåling)

Gjennomgang av høyringsinnspel frå tiltakshavar 05.02.25

1. **Utnytting tomt 1-4.** Tiltakshavar må sende over skisse for ny tomtegrense for vurdering i høve utnytting. Treng ikkje ny høyring knytt til denne justeringa. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.
2. Resten av innspela knytt til utnytting og parkeringsløyising frå omsøkte endringar er ok.
3. **Regulere inn vegtilkomst til eigedomsgrense:**
 - a. Tomt 5-5 og 5-6. Det skal ikkje regulerast inn vegtilkomst til desse tomtene, skal vere uendra frå vedteke plankart.
 - b. Tomt 6-19, 8-18, 8-20 og 8-21. Ok, kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og rettar opp i plankartet etter vedtak.
 - c. Tillegg i møte tomt 8-15. Ok, kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og rettar opp i plankartet etter vedtak.
4. **Regulere inn tilkomstpil:**
 - a. Tomt 6-4 har veg over tomt 6-5. Det skal ikkje leggjast inn tilkomstpil til tomt 6-4, men knyttast ei ny føresegn som skildrar at vegtilkomst for tomt 6-4 gjeng over 6-5. Kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og oppdaterar føresegner etter vedtak.
 - b. Tomt 6-23 har veg over tomt 6-24. Det skal ikkje leggjast inn tilkomstpil til tomt 6-23, men knyttast ei ny føresegn som skildrar at vegtilkomst for tomt 6-23 gjeng over 6-24. Kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og oppdaterar føresegner etter vedtak.
 - c. Tomt 7-7, 8-6, 8-7, 13-2 og 17-1. Ok, kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og rettar opp i plankartet etter vedtak.

5. **Flytte tilkomstpil tomt 11-7.** Skisse som er synt i høyringsbrevet er ok. Framlegg til ny høgde på tomt 11-7 vert teke ut av føresegnene etter vurdering av byggjesak i møte. Treng ikkje ny høyring av denne endringa. Ok, kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming slik skissa i høyringsbrevet syner. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.
6. **Flytte tilkomstpil på tomt 6-17 og 6-18.** Vart samd i møte at framlegget til administrasjonen om å flytte dette til vest er ok, sidan føresegn pkt. §5.1.1 Generelle føresegner bokstav j sikrar høve for å fråvike tilkomstpilene i byggjesaka: «*Plassering av avkøyring er synt med piler i plankartet. Dersom det skal fråvikast må det dokumenterast i byggjesøknaden og beskrive kvifor det gjev ei betre løysing*». Ok, kommunen skildrar dette i saka til politisk handsaming og rettar opp i plankartet etter vedtak.
7. **Justere tomtegrensa på tomt 6-32.** Ok etter drøfting i møte. Endring av tomtegrense for tomt 6-32 vert gjort i tråd med tidlegare vedtak om arealoverføring i 2023. Privatrettlege tilhøve skal ikkje kommunen ta stilling til i planendringa. Arne Midtgaren kom inn i møte for å orientere om prosess i høve oppmåling og vilkår for frådeling.

Nye endringar i høyringbrevet

8. **Grensejustering tomt 11-3.** Ok. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.
9. **Grensejustering tomt 11-8 og 11-9.** Tiltakshavar sender over revidert skisse for tomtegrense mellom 11-8 og 11-9, som grunnlag for skidring til politisk sak. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.
10. **Arealet BL.** Må avklarast med teknisk drift og infrastruktur om det er høve for å sete kombinert føremål (BRE/BVF) og utvide område og evt. framlegg til føresegner dersom ein slår desse to arealføremåla saman. Administrasjonen kjem attende med avklaring knytt til dette. Kommunen oppdaterar føresegner etter vedtak. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.

Nye endringar i møtet 03.03.25

11. **Arealføremålet BKF1.** Erstatte BKF1 (fritidsbustad-blokk) med BFF21 (fritidsbustad-frittliggjande) og inkludere tomtene 14-1, 14-2 og 14-3, med tilhøyrande føresegn som sikrar heilskapleg planlegging. Tiltakshavar må sende over revidert skisse for vurdering, kommunen gjer framlegg om endra føresegner. Dette må på avgrensa høyring i 3 veker for politisk handsaming.
12. **Justere tomtegrense og køyreveg for tomt 12-8, 12-9 og 15-1.** Tiltakshavar må sende over ny skisse for vurdering. Dette må på avgrensa høyring i 3 veker for politisk handsaming.
13. **Endringar av køyreveg SKV9.** Tiltakshavar må sende over ny skisse for vurdering. Bør takast med i same avgrensa høyring som pkt. 11 og 12. I revidert sosi-fil må de sende over denne endringa etter vedtak.

Kommunen sender over framlegg til endra føresegner før saka vert skrive til politisk handsaming. Kommunen kjem attende med avklaring knytt til arealet BL, BRE og BVF.